FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Ureiningstilsyn
Inspeksjonsrapport

Sakshandsamar: Dagny K. U. Alvik
Telefon: 57 64 31 42
E-post dagny.alvik@fylkesmannen.no

Vår dato
23.02.2015

Vår referanse
2008/4861
Rapportnummer

Vik Ørsta AS
6893 Vik i Sogn

Tilsyn ved Vik Ørsta - krav om retting av avvik

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbetringspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr.

Tilstades under kontrollen Frå verksemda: Lars Kjetil Grinde, Per-Martin Berglund, Kurt Martin Helleland og Bjarne Larsen	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Grete Haugan og Dagny K. U. Alvik
Desse hovudtema vart kontrollert: ☒ Internkontroll (ytre miljø) ☒ Risikovurdering ☒ Utslepp til luft eller vatn ☒ Støy ☒ Løyvet med vilkår ☒ Forskriftskrav ☐ Anna:	☒ Avfallshandtering ordinært avfall ☒ Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) ☒ Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) ☐ Sikkerheitsdatablad ☐ Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: ☒ Frekvensbasert inspeksjon ☐ Frekvensbasert revisjon ☐ Kontrollaksjon ☐ Ny verksemd (ikkje kontrollert før) ☐ Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	☐ Oppfølging av eigenrapport ☐ Oppfølging av klage/hending/tips ☐ Oppfølging av siste kontroll ☐ Kartlegging ☐ Anna:

Hovudfunn frå kontrollen
Det vart påvist **3 avvik** frå ureiningsregelverket. Fylkesmannen ser alvorleg på at fleire av forholda som vart påpeika etter revisjonen i 2012 fortsatt ikkje er ordna. Melding om retting av avvik må vere send til Fylkesmannen innan **23.03.2015**.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken. Varsla kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang hjå verksemda.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
Ass fylkesmiljøvernsjef

Dagny Alvik
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

1. Informasjon om verksemda:

Namn på verksemda: **Vik Ørsta AS**	Organisasjonsnr.: **980 320 677** Eigd av: **985 001 952**
Stad og kommune: **Vik**	Kontrolldato: **19.02.2015**
Postadresse: **6893 Vik i Sogn**	Løyvedato og internt nr.: **16.04.09**
Risikoklasse: **2**	☒ ISO 14001-sertifisert ☐ EMAS-registrert

2. Om kontroll frå ureiningstilsynet

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak.

Definisjonar

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiks-lovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **23.03.15** eller dato/ar for planar for gjennomføring. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve

Vi viser til omtalen under kontrollen, og vedtak om utsleppsløyve datert 16.04.09. Plasseringa av verksemda i risikoklasse 2 vil seie at verksemda etter gjeldande sats 2 i § 39-6 i ureiningsforskrifta skal betale eit gebyr på kr. 15 900,- til staten for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 **Verksemda har mangelfulle rutinar på vedlikehald av reinseanlegg, og for dårleg oppfølging av utslepp til luft og vatn**

Avvik frå: *Utsleppsløyvet datert 16.04.2009 og Internkontrollforskrifta 2. ledd § 5*

Kommentarar:

Utslepp til luft via reinseanlegg
Verksemda har ikkje utarbeida gode rutinar for vedlikehald og overvaking av støvfilter som sikrar at reinseanlegget fungerer som tenkt. Verksemda har ved fleire høve hatt utslepp over tillate grense pga at filter har revna eller vore for gamalt. Verksemda tek to utsleppsmålingar i året (vår og haust), og det kan difor ta lang tid før dette vert oppdaga. Det er viktig at verksemda får rutinar på plass som sikrar at filteret fungerer optimalt, og som sikrar at det vert bytt i rett tid. Dette vart også påpeikt ved revisjonen i 2012. De meldte då tilbake at de skulle ta ein total gjennomgang av systemet, sjekke luftgjennomstrømming i luftkanal og sørgje for at filter vart skifta ved behov. Fylkesmannen ser alvorleg på at dette enno ikkje er på plass.

Diffuse utslepp
Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar som kan føre til skade eller ulempe for miljøet skal avgrensast mest mogleg. På inspeksjonsdagen stod portane opne heile tida, og det kom fram at det er lite fokus på at dei skal vere lukka mest mogleg. Dersom portane står opne vil mykje av støv/gassar kome ut der, og ikkje gå inn i ventilasjonsanlegg med reinsing og utslepp over tak. Ventilasjonsanlegget vil heller ikkje fungere optimalt med opne portar. Dette er også ein problemstilling som vart påpeikt under revisjonen, og det er difor viktig at verksemda snarleg set i gang tiltak som sikrar at portane er lukka.

Utslepp til vatn
Reinseanlegget til skyllevatnet før utslepp har vanlegvis fungert godt, og utsleppa har vore langt under grenseverdiane i løyvet. Det kom fram under tilsynet at det på byrjinga av året hadde vore ei måling på sink (2,2 mg/l) som var langt over utsleppsgrensa (1 mg/l). Det kom fram at det også her er mangelfulle rutinar som sikrar vedlikehald og utskifting av sandfilter. Verksemda har bytta sandfilter, men har ikkje motteke måleresultat etter tiltaket. Det vart sagt at verksemda no vil skifte sandfilter årleg. Det er viktig at det vert laga ei skrifteleg rutine på alle tiltak som sikrar at reinseanlegget fungerer som tenkt (utskifting av deler, reinsing av lamellar, byte av sandfilter mm).

Varsling til Fylkesmannen
Overskridinga av grenseverdien skulle ha vore varsla. Fylkesmannen skal haldast skrifteleg orientert om årsak til hendinga og tiltak som er sett i verk eller som er planlagd for å motverke og avgrense verknader og hindre gjentaking. Dette var ikkje gjort på utsleppet til vatn.

Avvik 2 **Verksemda har nytta aktør til tankreinsing som ikkje har løyve til å handtere farleg avfall**

Avvik frå: *Avfallsforskrifta kap11.*

Kommentarar:
Det kom fram under tilsynet at verksemda fortsatt nyttar aktør til tankreinsing som ikkje har løyve til å handtere farleg avfall. Dette vart påpeika ved førre revisjon, og tilbakemeldinga frå dykk då var at ei avtale med Norsk Gjenvinning AS var under utarbeiding. Verksemda må få på plass avtale med ein aktør som har løyve til dette snarast.

Avvik 3 **Verksemda har mangelfull internkontroll**

Avvik frå: *Internkontrollforskrifta 2. ledd § 5 og utsleppsløyvet datert 16.04.2009*

Kommentarar:

Miljørisikovurdering
Sidan førre tilsyn/revisjon er dei nye lagertankane for ny og brukt syre på plass. Det nye arrangementet er ikkje risikovurdert. Døme på forhold ein bør vurdere er oppsamlingsvolum rundt tankane, ettersjåing av slukar, regnvatn i oppsamlingsbasseng, kritiske forhold rundt tømming/fylling mm. Med utgangspunkt i risikovurderinga må det lagast handlingsplan for tiltak som skal gjennomførast.

Avvikssystemet
Verksemda har jobba med avvikssystemet sidan førre tilsyn, og det verkar til å fungere betre. Det er likevel kun rapportert inn 3 avvik på ytre miljø sidan oppstart av systemet. Det er viktig at verksemda definerer kva de ynskjer å ha inn som avviksmeldingar, og motiverer dei tilsette til å komme med meldingar. Døme på forhold som vi såg kunne ha vore avviksmeldt på tilsynsdagen er opne portar og slukar som var delvis dekka til av sand og grus.

Fleire av avvika verksemda no får frå Fylkesmannen, var også påvist ved førre revisjon i 2012. Dette syner at verksemda ikkje har noko god internkontroll/system for å sikre at avvik vert lukka.

Beredskap
Verksemda skal, på bakgrunn av ein miljørisikoanalyse og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt ureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gong pr. år. Dette er ikkje gjort. Verksemda kunne fortelje at dei er i dialog med Flo Brannsikring for å få hjelp med industrivern/beredskapsøving.